

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 22.05.2008  
Sakhandsamar: Bjørn Tunland  
Saka gjeld: **Instruks for revisjonskomiteen - endring**

**Arkivsak**  
2008/107/005  
**Styresak 067/08 B**

**Styremøte 04.06. 2008**

---

## Bakgrunn:

På førre møte 08.04.08 blei følgjande protokollert:

### Kommentarar:

*Ved ein inkurie var ikkje forslag til instruks for revisjonskomiteen vedlagt i utsendinga. Komiteen ønskjer innarbeidd eit avsnitt om behandlingsprosedyre for internrevisjonsrapportar*

### Vedtak (samrøystes):

*Revisjonskomiteen godkjende instruks for internrevisjonen. Instruks for revisjonskomiteen med eige punkt om behandlingsprosedyre for saker til revisjonskomité og styre blir behandla på neste møte.*

I forhold til den tidlegare instruks for kontrollkomiteen er det gjort to mindre redaksjonelle endringar: Rapportering til styret (Ved at protokoll blir lagt fram som sak og at leder av komiteen orienterer om komiteens møter og saker ved behov), samt behandlingsprosedyrar for saker til revisjonskomité og styre (sjå kommentarar nedanfor)

## Formelle forhold

Først kan det vera greitt å klargjera to formelle forhold:

- Internrevisor tar sine oppdrag frå styret v/revisjonskomiteen. Fleire kan be om ei utgreiing, gjennomgang eller rapport, men styret v/komiteen har det endelege ordet.
- Komiteen opptrer på vegne av - og på oppdrag frå styret.

## Oppdrag til Internrevisjonen

Internrevisor tar sine oppdrag frå styret v/revisjonskomiteen. Fleire kan be om ei utgreiing, gjennomgang eller rapport: Administrerande direktør (AD) RHF, AD og styret ved HFa bør alle kunne

be/gje oppdrag til internrevisjonen. Når ein ber om dette, må det kunna tolkast som ønske og vilje til å rette opp manglar og avvik ein ev vil kunna avdekka. Slike førespurnader bør derfor bli sett på som positive og så langt råd er, bør dei etterkomast. Sak om dette vil bli lagt fram for revisjonskomiteen til avgjerd.

Ein del slike førespurnader vil kunne vera akutte, - det kan vera stor hast i saka. Internrevisor kan og etter tips frå andre setje i gang prosjekt på eige initiativ. Og slike prosjekt vil ofte vera akutte. Det kan derfor vera at ein ikkje rekk å leggja fram sak på førehand. Dersom internrevisor er i tvil om eit slikt ønske eller at det inneber ein form for omprioritering eller liknande, vil saka bli lagt fram for leiar av komiteen.

## **Revisjonskomiteen**

Revisjonskomiteen er ikkje heimla i lova, men er etablert med bakgrunn i føretaksprotokollane. Det inneber at komiteen ikkje er gitt nokon rettsleg status eller formell posisjon. Det er derfor naturleg å sjå på komiteen som eit utval under styret, som del av saksførebuinga til styret. Komiteen opptre på vegne av og med oppdrag frå styret. Styret bør dermed orienterast om det som skjer i komiteen. Saker av eit visst omfang bør og gå til styret, samt at styret får informasjon om behandlinga i komiteen og har høve til å spør om ev også be om at mindre saker som i utgangspunktet ikkje var tenkt lagt fram for styret.

Styret er tillagt det endelege og overordna ansvaret og bør bli haldt orientert om i alle fall større saker. Det inneber at rapportar som blir lagt fram som saker for komiteen bør gå vidare til styret etter innstilling frå komiteen. Styringslinene er då slik at administrasjonen ved AD skal effektuera styrets vedtak. Etter dette er det AD som overtek saka. I enkelte tilfeller vil sak bli oversendt til HF-styret direkte i andre tilfeller er mottakarane HF-direktørane. Uansett vil det vera naturleg at styret for Helse Vest RHF får sak tilbake om handlingsplanar med ansvarlege og fristar for lukking av ev avvik . Det er rimeleg at dette blir leia og koordinert av AD RHF.

Sjølvsagt kan det tenkast ulike sløyfer i denne saksgangen, revisjonskomiteen kan ønskja meir opplysningar og/eller uttale frå ulikt hald. Vidare kan dei be internrevisjonen sjekka status for oppfølging og lukking av tidlegare påpeika avvik. Det kan likevel vera nyttig å tenka at komiteen er del av styret og deltar i førebuinga av sakene til styret.

I revisjonskomiteens møte 06. mai 2008 blei følgjande protokollert:

### **Vedtak (samrøystes):**

*Revisjonskomiteen rår til at styret godkjenner justert instruks for revisjonskomiteen.*

## **Forslag til vedtak:**

Styret godkjenner justert instruks for revisjonskomiteen.